

Vedlegg 3 til Fråsegn om Storelvi  
Øvre og Nedre kraftverk.  
"Klipp og lim" frå Kommunalt  
informasjonsmagasin frå Luster  
kommune, *Lustranytt* nr. 2 – 2005:

# Hundreårsmarkeringa Eldste norske flagget er i Luster?

- Er "Lustraflagget" det eldste norske flagget i Noreg, spurde Anders Kvam då han synte fram og fortalde om dette heilt spesielle flagget til pensjonistane i pensjonistlaget. Dette flagget som nokre ungdommar i Luster laga for over 100 år sidan, i 1896; lenge før Unionsoppløysinga.



*LUSTRAFLAGGET. Anders Kvam fortel om Lustraflagget medan Johan Solheim og Hans Lavoll (t.h.) syner det fram. Anders og Hans var mellom dei som bar dette flagget over frå Veitastrond til Fjærland i 1956 og 1996.*



*Unionsflagget (1844 - 1905) med "sildesalaten" oppe i venstre hjørne.*

For å få litt historisk perspektiv rundt dette flagget, starta Anders Kvam med å fortelje at før 1814 hadde vi det danske flagget Danebro. Men etter at den norske grunnlova vart vedteken i 1814, byrja folk å snakke om at vi skulle hatt vårt eige flagg. Men så kom vi i union med svenskane, og måtte bruke det svenske flagget. I 1821 vart det sett ned ei nemnd til å koma med forslag på eit norsk flagg. Mange framlegg vart lanserte, men så kom formannen i nemnda, ein som heitte Fredrik Melzer, med eit genialt forslag. Han såg først på alle teikningane som låg på bordet. Tok så fram det danske flagget og teikna ein blå kors inne i den kvite krossen. Og slik vart det. Svenskane lika ikkje dette reine norske flagget. Sidan vi var i union med Sverige, skulle det vere eit unionsmerke på det. For å dempe på gemyttane vart det i 1844 vedteke å ha unionsmerket i både det svenske og norske flagget. Dette vart akseptert dei neste 35 åra. Men så vakna nasjonalkjensla att, og nordmennene ville ha eit reint norsk flagg. På denne tida hadde ei frilyndt ungdomsrørsla byrja å breie seg, rørsla som seinare vart Noregs Ungdomslag. Dei arbeidde mykje for å få eit reint flagg. Dei ville ha vekk denne "sildesalaten" som merket oppe i hjørna vart kalla. Og her er det Lustraflagget kjem inn.

## Lustraflagget

I 1896 vart Noregs Ungdomslag skipa. Same året, den 9. og 10. juni, vart første Sognastemna halden i Fjærland i samband med skipinga av Sogn Ungdomslag. Då var det at nokre unge lærarar frå Luster ville markere at dei ville ha eit reint flagg, og sette i gang å få sytt eit reint norsk flagg. Og så samlast fem karar: Hans Mo, Hans Lavoll (d.e.), Andreas Gjelsvik og Erik Brathole. Pakka ferdaveska, tok med seg flagget, og starta turen gjennom Snauedalen på Veitastrond og over til Fjærland. Strålendes ver. Då dei skulle til på nedstigninga, tok dei fram att flagget, og karane vart mottekne som heltar i Fjærland. Stemnedagen vart lustringane plassert fremst i toget under oppmarsjen,

med det reine norske  
"Lustraflagget" veivande i vinden.  
Ei fantastisk oppleving for desse  
ungdommane. Ein tur og ei oppleving  
som det enno går gjetord om.

### **Ny tur – med nye ungdommar – 60 år etter**

Under 60-årsjubileet til Sogn  
Ungdomslag var stemna også lagt til  
Fjærland. Då bestemte nokre staute  
ungdommar i Luster ungdomslag  
seg for at dei ville gjere same turen  
som dei i 1896. Det gamle flagget  
hadde vorte teke godt vare på, og no  
vart det henta fram att. Og så tok  
desse karane på veg: Anders Kvam,  
Hans Lavoll (jr.), Nils Dalehaug,  
Melkior Fuhr og Anders Berge.  
Same flotte veret hadde dei på vegen  
over frå Veitastrond til Fjærland.  
Også denne gongen vart lustringane  
plassert fremst i toget med flagget.  
Endå ein tur gjorde desse ungdommane,  
med unnatak Nils Dalehaug, i  
1996 då det var 100-årsjubileum.  
Karane hadde vorte førti år eldre,  
men kvidde seg ikkje til turen. Same  
året var dei også til Trondheim der

100-årsjubileet for Noregs  
Ungdomslag vart markert.

### **Flagget er godt sikra**

Dette verdfulle flagget har sidan  
1964 vorte teke vare på i kvelvet til  
Luster Sparebank, og vert teke fram  
att berre ved spesielle høve.



*1956. Til fots over frå Veitastrond til Fjærland til 60-årsjubileum for Sogn Ungdomslag. Ved varden i Skaret, på toppen av Snauedalen, tok ungdommane frå Luster ungdomslag fram det 60 år gamle flagget for fotografering. F.v. Melkior Fuhr, Anders Berge, Hans Lavoll og Anders Kvam. Fotograf er Nils Dalehaug.*



*STEMNEDAGEN I FJÆRLAND 1956. Lustringane stiller opp fremst i toget med "Lustraflagget" som Hans Lavoll ber. 60 år tidlegare gjekk også lustringane fremst i toget.*